

## Møteprotokoll

|                  |   |
|------------------|---|
| <b>Utval:</b>    | <b>Yrkesopplæringsnemnda</b>  |
| <b>Møtestad:</b> | Utvalsalen, 2. et., Fylkeshuset - Sandsli, Sandslihaugen 30, Bergen |
| <b>Dato:</b>     | 16.11.2021  |
| <b>Tid:</b>      | 10:00 - 12:25   |

### Følgjande faste medlemmer møte:

| Namn                      | Funksjon  | Representerer |
|---------------------------|-----------|---------------|
| Roger Pilskog             | Leiar     | LO            |
| Ann-Kristin Kristoffersen | Nestleiar | NHO           |
| Ove Kjøllesdal            | Medlem    | NHO           |
| Sølvi O. Sørebo           | Medlem    | KS            |
| Jill Hellem               | Medlem    | YS            |
| Bjørg Simlenes Nguyen     | Medlem    | Virke         |
| Eivind Johannessen        | Medlem    | UNIO          |
| Kine Bratli Dale          | Medlem    | Nærna         |
| Sonja Merethe Øvre-Flo    | Medlem    | OppKo         |

### Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

| Namn               | Funksjon | Representerer |
|--------------------|----------|---------------|
| Kari Daltveit      | Medlem   | LO            |
| Marcus Hansen Våge | Medlem   | ELEVREPR      |

### Følgjande varamedlemmer møte:

| Namn        | Møtte for     | Representerer |
|-------------|---------------|---------------|
| Elise Dávøy | Kari Daltveit | LO            |

### Merknader

Signe Margrethe Kruger Birks, møte ikkje.

### Frå administrasjonen møte:

| Namn                    | Stilling  |
|-------------------------|---|
| Bekka Skaasheim         | Assisterande fylkesdirektør for opplæring og kompetanse |
| Tor Ivar Sagen Sandvik  | Seksjonsleiar, avdeling for opplæring og kompetanse     |
| Merethe Helland Nordnæs | Spesialrådgjevar/møtesekretær                           |

## Saksliste

| Utvals-<br>saksnr                | Innhald   | Arkiv-<br>saksnr                       | U.Off |
|----------------------------------|---|--|-------|
| GK 15/21<br>GK 16/21             | <b>Godkjenningssaker</b><br>Godkjenning av møteinnkalling og sakliste<br>Godkjenning av møteprotokoll frå møte i yrkesopplæringsnemnda 21.10.2021   | 2019/130                               |       |
| RS 17/21<br>RS 18/21             | <b>Referatsaker</b><br>Nye og godkjente lærebedrifter<br>Samarbeid mellom skule og arbeidsliv - løypemelding  | 2021/5963<br>2020/73823                |       |
| PS 25/21<br>PS 26/21<br>PS 27/21 | <b>Politiske saker</b><br>Opplæringstilbodet for skuleåret 2022/23<br>Utdanningsprogrammet Restaurant- og matfag<br>Kvalitetsmelding for vidaregåande opplæring i Vestland fylkeskommune - Del 1 og 2 | 2021/47877<br>2021/51947<br>2021/26764 |       |
| PS 28/21<br>PS 29/21             | Tilpassa opplæring<br>Handlingsprogram til temaplan Fornye og Forbetre - Auka gjennomføring   | 2021/52031<br>2021/52391               |       |
| PS 30/21                         | Høyring - ny opplæringslov  | 2021/52521                             |       |

## Godkjenningssaker

### GK 15/21 Godkjenning av møteinnkalling og sakliste

Saksprotokoll i yrkesopplæringsnemnda - 16.11.2021

#### Vedtak

Innkallinga og sakslista vart godkjent utan merknader.

#### Orientering:

Sonja Merethe Øvre-Flo, saksordførar i saka «Tilpassa opplæring», orienterte om saka, når saka vart handsama.

### GK 16/21 Godkjenning av møteprotokoll frå møte i yrkesopplæringsnemnda 21.10.2021

Saksprotokoll i yrkesopplæringsnemnda - 16.11.2021

#### Vedtak

Protokollen frå møte den 21.10.2021 vart godkjent utan merknader.

## Referatsaker

### RS 17/21 Nye og godkjente lærebedrifter

Saksprotokoll i yrkesopplæringsnemnda - 16.11.2021

RS 17/21 vart referert.

## RS 18/21 Samarbeid mellom skule og arbeidsliv - løypemelding

Saksprotokoll i yrkesopplæringsnemnda - 16.11.2021

RS 18/21 vart referert.

## Politiske saker

### PS 25/21 Opplæringstilbodet for skuleåret 2022/23

Forslag til innstilling

1. Tilbodet på bygg- og anleggsteknikk blir endra slik:

| Bygg- og anleggsteknikk (BA) |               |      |                               |                      |                         |   |
|------------------------------|---------------|------|-------------------------------|----------------------|-------------------------|---|
| Inntaksområde                | Skule         | Nivå | Utd.program/<br>programområde | Klassetal<br>2020/21 | Framlegg<br>til endring | Avdelingsdirektøren si<br>tilråding 2022/23 |
| 1                            | Stord vgs     | 2    | Tømrar                        | 1                    | 0,5                     | 1,5   |
| 3                            | Askøy vgs     | 2    | Tømrar                        | 1                    | 1                       | 2   |
| 3                            | Sotra vgs     | 1    | Bygg- og anleggsteknikk       | 4                    | -1                      | 3   |
| 3                            | Sotra vgs     | 2    | Tømrar                        | 1                    | 1                       | 2   |
| 4                            | Austrheim vgs | 2    | Anleggsteknikk                | 0                    | 0                       | 3 plassar                                   |

2. Tilbodet på elektro og datateknologi blir endra slik:

| Elektro og datateknologi (EL) |               |      |                               |                      |                         |   |
|-------------------------------|---------------|------|-------------------------------|----------------------|-------------------------|---|
| Inntaksområde                 | Skule         | Nivå | Utd.program/<br>programområde | Klassetal<br>2020/21 | Framlegg<br>til endring | Avdelingsdirektøren si<br>tilråding 2022/23 |
| 3                             | Askøy vgs     | 1    | Elektro og datateknologi      | 3                    | -1                      | 2   |
| 3                             | Fusa vgs      | 2    | Automatisering                |                      |                         | 4 plassar                                   |
| 3                             | Slåtthaug vgs | 2    | Kulde- og ventilasjonsteknikk | 0                    | 1                       | 1   |
| 7                             | Flora vgs     | 2    | Elenergi og ekom              | 1                    | 1                       | 2   |
| 8                             | Eid vgs       | 2    | Datateknologi og elektronikk  | 1                    | -1                      | 0   |

3. Tilbodet i frisør, blomster, interiør og eksponeringsdesign blir endra slik:

| Frisør, blomster, interiør og eksponeringsdesign |         |      |   |                      |                         |   |
|--|---------|------|---|----------------------|-------------------------|---|
| Inntaksområde                                    | Skule   | Nivå | Utd.program/<br>programområde                       | Klassetal<br>2020/21 | Framlegg<br>til endring | Avdelingsdirektøren si<br>tilråding 2022/23 |
| 8  | Eid vgs | 1    | Frisør, blommar, interiør og<br>eksponeringsdesign, | 1                    | 1                       | 2   |

4. Tilbodet i handverk, design og produktutvikling blir endra slik:

| Handverk, design og produktutvikling |       |      |                               |                      |                         |   |
|--------------------------------------|-------|------|-------------------------------|----------------------|-------------------------|---|
| Inntaksområde                        | Skule | Nivå | Utd.program/<br>programområde | Klassetal<br>2020/21 | Framlegg<br>til endring | Avdelingsdirektøren si<br>tilråding 2022/23 |

|   |         |   |                                      |     |      |   |
|---|---------|---|--------------------------------------|-----|------|---|
| 8 | Eid vgs | 1 | Håndverk, design og produktutvikling | 0,5 | -0,5 | 0 |
|---|---------|---|--------------------------------------|-----|------|---|

5. Tilbudet i helse- og oppvekstfag blir endra slik:

| Helse- og oppvekstfag (HO) |                   |      |  |                      |                         |   |
|----------------------------|-------------------|------|--|----------------------|-------------------------|---|
| Inntaksområde              | Skule             | Nivå | Utd.program/<br>programområde                        | Klassetal<br>2020/21 | Framlegg<br>til endring | Avdelingsdirektøren si<br>tilråding 2022/23 |
| 2                          | Fitjar vgs        | 2    | Barne- og ungdomsarbeiderfag                         | 1                    | 1                       | 2   |
| 3                          | Arna vgs          | 2    | Barne- og ungdomsarbeiderfag                         | 0,5                  | 0,5                     | 1   |
| 3                          | Fyllingsdalen vgs | 1    | Helse- og oppvekstfag                                | 5                    | -2                      | 3   |
| 3                          | Fyllingsdalen vgs | 1    | Helse- og oppvekstfag 3-årig<br>med studiekompetanse | 0                    | 2                       | 2   |
| 3                          | Sotra vgs         | 2    | Barne- og ungdomsarbeiderfag                         | 1                    | 1                       | 2   |
| 3                          | Årstad vgs        | 2    | Helsearbeidarfag                                     | 2                    | -1                      | 1   |
| 4                          | Årstad vgs        | 3    | Hudpleie   | 1                    | 1                       | 2   |

6. Tilbudet i informasjonsteknologi og medieproduksjon blir endra slik:

| Informasjonsteknologi og medieproduksjon (IM) |                     |      |   |                      |                         |   |
|---|---------------------|------|---|----------------------|-------------------------|---|
| Inntaksområde                                 | Skule               | Nivå | Utd.program/<br>programområde               | Klassetal<br>2020/21 | Framlegg<br>til endring | Avdelingsdirektøren si<br>tilråding 2022/23 |
| 3   | Amalie Skram<br>vgs | 1    | Informasjonsteknologi og<br>medieproduksjon | 3                    | -1                      | 2   |
| 3   | Amalie Skram<br>vgs | 2    | Informasjonsteknologi                       | 1                    | 1                       | 2   |

7. Tilbudet i naturbruk blir endra slik:

| Naturbruk (NA.) |               |      |                               |                      |                         |   |
|-----------------|---------------|------|-------------------------------|----------------------|-------------------------|---|
| Inntaksområde   | Skule         | Nivå | Utd.program/<br>programområde | Klassetal<br>2020/21 | Framlegg<br>til endring | Avdelingsdirektøren si<br>tilråding 2022/23 |
| 1               | Bømlo vgs     | 1    | Naturbruk                     | 0                    | 1                       | 1   |
| 2               | Voss vgs      | 1    | Naturbruk med friluftsliv     | 2                    | -1                      | 1   |
| 2               | Voss vgs      | 2    | Landbruk og gartner næring    | 3                    | 1                       | 4   |
| 2               | Voss vgs      | 2    | Heste- og dyrefag             | 0,5                  | 0,5                     | 1   |
| 3               | Stend vgs     | 2    | Heste- og dyrefag             | 4                    | 1                       | 5   |
| 4               | Austrheim vgs | 1    | Naturbruk                     | 0                    | 1                       | 1   |

8. Tilbudet i restaurant- og matfag blir endra slik

| Restaurant- og matfag (RM) |          |      |                               |                      |                         |   |
|----------------------------|----------|------|-------------------------------|----------------------|-------------------------|---|
| Inntaksområde              | Skule    | Nivå | Utd.program/<br>programområde | Klassetal<br>2020/21 | Framlegg<br>til endring | Avdelingsdirektøren si<br>tilråding 2022/23 |
| 2                          | Voss vgs | 2    | Matindustri                   | 0                    | 0                       | 3 plassar totalt                            |
| 2                          | Voss vgs | 2    | Bakar og konditor             | 0                    | 0                       |   |

|   |             |   |                       |   |   |   |
|---|-------------|---|-----------------------|---|---|---|
| 5 | Sogndal vgs | 1 | Restaurant- og matfag | 0 | 1 | 1 |
| 8 | Måløy vgs   | 2 | Kokk og servitør      | 0 | 1 | 1 |

9. Tilbudet i sal, service og reiseliv blir endra slik:

| Sal, service og reiseliv (SR) |           |      |                               |                      |                         |   |
|-------------------------------|-----------|------|-------------------------------|----------------------|-------------------------|---|
| Inntaksområde                 | Skule     | Nivå | Utd.program/<br>programområde | Klassetal<br>2020/21 | Framlegg<br>til endring | Avdelingsdirektøren si<br>tilråding 2022/23 |
| 3                             | Sotra vgs | 1    | Sal, service og reiseliv      | 2                    | -1                      | 1   |

10. Tilbudet i teknologi og industrifag blir endra slik:

| Teknologi og industrifag (TP) |                |      |                               |                      |                         |   |
|-------------------------------|----------------|------|-------------------------------|----------------------|-------------------------|---|
| Inntaksområde                 | Skule          | Nivå | Utd.program/<br>programområde | Klassetal<br>2020/21 | Framlegg<br>til endring | Avdelingsdirektøren si<br>tilråding 2022/23 |
| 1                             | Kvinnherad vgs | 1    | Teknologi og industrifag      | 3                    | -1                      | 2   |
| 2                             | Kvam vgs       | 2    | Transport og logistikk        | 0                    | 1                       | 1   |

11. Tilbudet i studiespesialisering blir endra slik:

| Studiespesialisering |             |      |                               |                      |                         |   |
|----------------------|-------------|------|-------------------------------|----------------------|-------------------------|---|
| Inntaksområde        | Skule       | Nivå | Utd.program/<br>programområde | Klassetal<br>2020/21 | Framlegg<br>til endring | Avdelingsdirektøren si<br>tilråding 2022/23 |
| 2                    | Kvam vgs    | 1    | Studiespesialisering          | 2                    | -1                      | 1   |
| 5                    | Sogndal vgs | 1    | Studiespesialisering          | 3                    | -1                      | 2   |
| 7                    | Hafstad vgs | 1    | Studiespesialisering          | 5                    | -1                      | 4   |

12. Tilbudet i påbygging til generell studiekompetanse blir endra slik:

| Påbygging til generell studiekompetanse (PB) |              |      |                               |                                    |                         |   |
|--|--------------|------|-------------------------------|------------------------------------|-------------------------|---|
| Inntaksområde                                | Skule        | Nivå | Utd.program/<br>programområde | Klassetal<br>2020/21               | Framlegg<br>til endring | Avdelingsdirektøren si<br>tilråding 2022/23 |
| 3  | Os vgs       | 3    | Påbygg til gen.<br>stud.komp  | 2                                  | -1                      | 1   |
| 3  | Åsane vgs    | 3    | Påbygg til gen.<br>stud.komp  | 2                                  | -1                      | 1   |
| 7  | Høyanger vgs | 4    | Påbygg til gen.<br>stud.komp  | utlyst utan klasse- og<br>plasztal |                         |   |
| 8  | Eid vgs      | 3    | Påbygg til gen.<br>stud.komp  | 2                                  | -1                      | 1   |

13. Investeringskostnadane ved oppretting av nye opplæringstilbod vert finansierte innanfor ramma av opplæringstilbudet. Det gjeld:

- Vg1 naturbruk ved Austrheim vgs, kr. 400 000
- Vg2 transport og logistikk ved Kvam vgs, kr. 300 000
- Vg2 vg2 kulde-, varmepumpe og ventilasjonsteknikk ved Slåtthaug vgs, kr. 300 000

#### 14. Endring av inntaksmatrisa

Søkarar frå Tynesnes kommune, inntaksområde Sunnhordland, får nærskulepoeng også til dei vidaregåande skulane i Bergen kommune.

### Saksprotokoll i yrkesopplæringsnemnda - 16.11.2021

Roger Pilskog, LO, sette fram slikt tilleggsforslag:

«Eit av Yrkesopplæringsnemnda viktigaste føremål er å bidra til at flest moglege ungdommar får ei utdanning som fører til læreplass og fagbrev, og at verksemdene vert sikra faglært arbeidskraft. Difor meiner nemnda at dersom det er dokumentert tilstrekkeleg tilgang på læreplassar, må det opprettast tilbod slik at ungdom kan søke. Motsett meiner nemnda at det ikkje skal opprettast tilbod i skulen som vi veit det ikkje er læreplassar til.

På overordna nivå er Yrkesopplæringsnemnda nøgd med årets klassesak. Det er eit krevjande arbeid å dimensjonere skulen slik at tilgang på læreplass og arbeidslivet behov for faglært arbeidskraft er det avgjerande. Nemnda meiner det er gjort eit godt arbeid som langt på veg er i tråd med nemndas tidlegare tilrådingar og arbeidslivet behov for kompetanse og arbeidskraft

Nemnda viser til at det i dei seinare åra har vore gjort mykje godt utviklingsarbeid mange stadar for å styrke samarbeid mellom skule og arbeidsliv. Dette har både betra kvaliteten, gitt eit betre tilbod nærare lærebedriftene, som igjen har gitt arbeidslivet fleire lærlingar som dei etterspør. Det er framleis viktig at vurderingar av kva skular dei einskilde faga skal plasserast ved, tek omsyn til kva slags lærebedrifter som finns nær den einskilde skule.

Yrkesopplæringsnemnda viser til at fleire kunne vore sikra både læreplass og faglært arbeidskraft om fleire viste mobilitet og reiser dit læreplassen finns, samstundes som lærebedrifta må akseptera ein tilreisande ungdom. Nemnda meiner difor det må vurderast om det kan etablerast incentivordningar for å auke mobiliteten og for å motivere lærebedriftene til å utdanne fagarbeidarar til og slik sikre seg framtidig arbeidskraft.

Nemnda registrerer at nokre stadar kan lågt tal på ungdomskulla svekke moglegheit for å etablere tilbod som er etterspurt frå arbeidslivet, tilbod som har føreseieleg tilgang til læreplass. Nemnda meiner det må brukast skjønn ved vurdering av klassestorleik, og at det er positivt å tilretteleggje for kombinerte klassar, nytte kombinasjonar av undervising og andre ordningar som t.d Stryn modellen der det er mogleg, slik at arbeidslivets behov for lærlingar og faglært arbeidskraft blir ivareteke.

Nemnda er nøgd med at tal påbyggklassar frå VG2 yrkesfag til VG3 studieførebuande vert redusert. Dette er ei utfordring på fleire fagområde, men særleg Helse og oppvekst skil seg negativt ut. Alle som tek eit fagbrev har tilbod om å byggje på med VG4 studiekompetanse, og nemnda meiner difor det ytterlegare bør reduserast i talet på påbyggklassane.

Vestland har eit godt tilbod i YSK i samarbeid med arbeidslivet. Det er nemnda godt nøgd med, og er positiv til nye etableringar, men med den klare føresetnad at det er etablert avtale mellom skule og lærebedrifter på førehand..

**Nærmare om enkelte programfagtilbod og behovet i arbeidslivet som nemnda har fått signal om**

#### **Bygg og anlegg**

I bygg og anleggsgaga er det generelt god tilgang til læreplass, i nokre fag meir enn andre. Dette er ei næring som er til stades i alle fylkets kommunar, og det er difor viktig at

tilbodet har geografisk spreining. Også i Bergen er det behov for å gjere tilpasningar, og nemnda merker seg at Laksevåg/ Maritime vgs i dialog med bransjen, ønsker å «bytte» ein tømrrar klasse med ein betong og mur klasse. Det meiner nemnda er eit forslag som må lyttast til, og la søkjarrtala vise om det er behov for eventuelle justeringar.

## **TIP**

Verksemdene innan Teknologi og industrifaga, melder i stor grad om aukande behov for lærlingar i tida framover. Det er likevel geografiske forskjellar med ulik tilgang på læreplassar som saka må ta høgd for. I Sunnhordaland er det eit prekært behov for faglærte innanfor ISO faga, og det er stilt garanti for læreplass frå store industriaktører. Då meiner nemnda at det må etablerast eit søkbart tilbod.

## **Elektro og datateknologi**

For tilboda i Elektro og datateknologi er nemnda godt nøgd med at klassetalet for Stor Bergen vert nedskalert, som og er i tråd med bransjepartane si vurdering.

Nemnda registrerer elles at det er eit stort behov for fleire lærlingar verksemdene i Nordfjord, og er uroa for tilbodet ved Eid vgs. Når det finns tilstrekkeleg med læreplassar, slik næringslivet melder om stort behov for, meiner nemnda at det og må opprettast eit søkbart tilbod, og at det legges til grunn skjøn. Så må klassejusteringssaka vise om det er grunnlag for klasser.

## **Helse og oppvekst**

I oktober var det mange VG2 elevar med ungdomsrett, flest på Helsefagarbeider og færre på Barne og ungdomsarbeidar, som ikkje hadde fått læreplass. Særleg Bergen og omeignskommunane har denne utfordringa. Det må undersøkjast i kva grad dette skuldast dei tidlegare meldte utfordringane med store restansar i fagprøvar grunna problem med prøvenemndene, om det er forsøkt å få læreplassar andre stadar enn i Bergen og omegn, samt om dette kan skuldast nokon form for koronarelaterte utfordringar. Om desse tre faktorane kan avkrefast, vil det vere rett å redusere i tilbodet.

Samstundes er det slik at svært mange gjer eit bevisst val om to år på HO yrkesfag, for deretter velje seg over til VG3 studieforbereande. Alt for mange sit at utan verken fagbrev eller studiekompetanse, og det er naudsynt å gjere ein særskilt innsats for å motivere fleire til å fullføre med fagbrev, så kan dei eventuelt velje å ta studiekompetanse etter fullført fagbrev.

## **Sal, Service og Reiseliv**

Innan Sal, Service og Reiseliv har ein dei siste åra i varierende grad lukkast med å skaffe læreplassar.

Innan desse faga må bransjen sjølv i atskilleg større grad vise til antall læreplassar som er tilgjengeleg før nye klassar kan opprettast. Nemnda registrerer at desse fagområda har hatt prosentvis størst nedgang i formidling frå 2019 - 2020.

Tilbodet her må difor vurderast grundig opp i mot tilgjengelege læreplassar og kva tryggleiken er å kunne behalde dei.

## **Restaurant og matfag**

Sjølv om det manglar god oversikt på tilgjengelege læreplassar, er det truleg stort behov for lærlingar. Søknad til desse linene er låg, og har vore fallande over tid. Det er behov for betre oversikt på tilgjengelege læreplassar, og det er sannsynleg eit behov for at fleire ungdomar søkjer seg til dette programområdet. Baker og konditorbransjens landsforeining viser i sitt innspel at dei ønsker eit samarbeid om eit regionalt kompetansesenter for baker og konditorfag. Nemnda ønsker at eit slikt initiativ må vurderast, men det bør omfatte heile programområdet. Fleire må difor inviterast inn til eit slikt samarbeid.»

## **Avrøysting**

Pilskog sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

## Tilråding frå yrkesopplæringsnemnda

1.Tilbodet på bygg- og anleggsteknikk blir endra slik:

| Bygg- og anleggsteknikk (BA) |               |      |                               |                      |                         |   |
|------------------------------|---------------|------|-------------------------------|----------------------|-------------------------|---|
| Inntaksområde                | Skule         | Nivå | Utd.program/<br>programområde | Klassetal<br>2020/21 | Framlegg<br>til endring | Avdelingsdirektøren si<br>tilråding 2022/23 |
| 1                            | Stord vgs     | 2    | Tømrar                        | 1                    | 0,5                     | 1,5   |
| 3                            | Askøy vgs     | 2    | Tømrar                        | 1                    | 1                       | 2   |
| 3                            | Sotra vgs     | 1    | Bygg- og anleggsteknikk       | 4                    | -1                      | 3   |
| 3                            | Sotra vgs     | 2    | Tømrar                        | 1                    | 1                       | 2   |
| 4                            | Austrheim vgs | 2    | Anleggsteknikk                | 0                    | 0                       | 3 plassar                                   |

2.Tilbodet på elektro og datateknologi blir endra slik:

| Elektro og datateknologi (EL) |               |      |                               |                      |                         |   |
|-------------------------------|---------------|------|-------------------------------|----------------------|-------------------------|---|
| Inntaksområde                 | Skule         | Nivå | Utd.program/<br>programområde | Klassetal<br>2020/21 | Framlegg<br>til endring | Avdelingsdirektøren si<br>tilråding 2022/23 |
| 3                             | Askøy vgs     | 1    | Elektro og datateknologi      | 3                    | -1                      | 2   |
| 3                             | Fusa vgs      | 2    | Automatisering                |                      |                         | 4 plassar                                   |
| 3                             | Slåtthaug vgs | 2    | Kulde- og ventilasjonsteknikk | 0                    | 1                       | 1   |
| 7                             | Flora vgs     | 2    | Elenergi og ekom              | 1                    | 1                       | 2   |
| 8                             | Eid vgs       | 2    | Datateknologi og elektronikk  | 1                    | -1                      | 0   |

3.Tilbodet i frisør, blomster, interiør og eksponeringsdesign blir endra slik:

| Frisør, blomster, interiør og eksponeringsdesign |         |      |  |                      |                         |   |
|--|---------|------|--|----------------------|-------------------------|---|
| Inntaksområde                                    | Skule   | Nivå | Utd.program/<br>programområde                    | Klassetal<br>2020/21 | Framlegg<br>til endring | Avdelingsdirektøren si<br>tilråding 2022/23 |
| 8  | Eid vgs | 1    | Frisør, blommar, interiør og eksponeringsdesign, | 1                    | 1                       | 2   |

4.Tilbodet i handverk, design og produktutvikling blir endra slik:

| Handverk, design og produktutvikling |         |      |                                      |                      |                         |   |
|--------------------------------------|---------|------|--------------------------------------|----------------------|-------------------------|---|
| Inntaksområde                        | Skule   | Nivå | Utd.program/<br>programområde        | Klassetal<br>2020/21 | Framlegg<br>til endring | Avdelingsdirektøren si<br>tilråding 2022/23 |
| 8                                    | Eid vgs | 1    | Håndverk, design og produktutvikling | 0,5                  | -0,5                    | 0   |

5.Tilbodet i helse- og oppvekstfag blir endra slik:

| Helse- og oppvekstfag (HO) |       |      |                               |                      |                         |   |
|----------------------------|-------|------|-------------------------------|----------------------|-------------------------|---|
| Inntaksområde              | Skule | Nivå | Utd.program/<br>programområde | Klassetal<br>2020/21 | Framlegg<br>til endring | Avdelingsdirektøren si<br>tilråding 2022/23 |



|   |                   |   |   |     |     |   |
|---|-------------------|---|---|-----|-----|---|
| 2 | Fitjar vgs        | 2 | Barne- og ungdomsarbeiderfag                      | 1   | 1   | 2 |
| 3 | Arna vgs          | 2 | Barne- og ungdomsarbeiderfag                      | 0,5 | 0,5 | 1 |
| 3 | Fyllingsdalen vgs | 1 | Helse- og oppvekstfag                             | 5   | -2  | 3 |
| 3 | Fyllingsdalen vgs | 1 | Helse- og oppvekstfag 3-årig med studiekompetanse | 0   | 2   | 2 |
| 3 | Sotra vgs         | 2 | Barne- og ungdomsarbeiderfag                      | 1   | 1   | 2 |
| 3 | Årstad vgs        | 2 | Helsearbeidarfag                                  | 2   | -1  | 1 |
| 4 | Årstad vgs        | 3 | Hudpleie  | 1   | 1   | 2 |

6. Tilbudet i informasjonsteknologi og medieproduksjon blir endra slik:

| Informasjonsteknologi og medieproduksjon (IM) |                  |      |  |                      |                         |   |
|---|------------------|------|--|----------------------|-------------------------|---|
| Inntaksområde                                 | Skule            | Nivå | Utd.program/<br>programområde            | Klassetal<br>2020/21 | Framlegg<br>til endring | Avdelingsdirektøren si<br>tilråding 2022/23 |
| 3   | Amalie Skram vgs | 1    | Informasjonsteknologi og medieproduksjon | 3                    | -1                      | 2   |
| 3   | Amalie Skram vgs | 2    | Informasjonsteknologi                    | 1                    | 1                       | 2   |

7. Tilbudet i naturbruk blir endra slik:

| Naturbruk (NA.) |               |      |                               |                      |                         |   |
|-----------------|---------------|------|-------------------------------|----------------------|-------------------------|---|
| Inntaksområde   | Skule         | Nivå | Utd.program/<br>programområde | Klassetal<br>2020/21 | Framlegg<br>til endring | Avdelingsdirektøren si<br>tilråding 2022/23 |
| 1               | Bømlo vgs     | 1    | Naturbruk                     | 0                    | 1                       | 1   |
| 2               | Voss vgs      | 1    | Naturbruk med friluftsliv     | 2                    | -1                      | 1   |
| 2               | Voss vgs      | 2    | Landbruk og gartneri          | 3                    | 1                       | 4   |
| 2               | Voss vgs      | 2    | Heste- og dyrefag             | 0,5                  | 0,5                     | 1   |
| 3               | Stend vgs     | 2    | Heste- og dyrefag             | 4                    | 1                       | 5   |
| 4               | Austrheim vgs | 1    | Naturbruk                     | 0                    | 1                       | 1   |

8. Tilbudet i restaurant- og matfag blir endra slik:

| Restaurant- og matfag (RM) |             |      |                               |                      |                         |   |
|----------------------------|-------------|------|-------------------------------|----------------------|-------------------------|---|
| Inntaksområde              | Skule       | Nivå | Utd.program/<br>programområde | Klassetal<br>2020/21 | Framlegg<br>til endring | Avdelingsdirektøren si<br>tilråding 2022/23 |
| 2                          | Voss vgs    | 2    | Matindustri                   | 0                    | 0                       | 3 plassar totalt                            |
| 2                          | Voss vgs    | 2    | Bakar og konditor             | 0                    | 0                       |   |
| 5                          | Sogndal vgs | 1    | Restaurant- og matfag         | 0                    | 1                       | 1   |
| 8                          | Måløy vgs   | 2    | Kokk og servitør              | 0                    | 1                       | 1   |

9. Tilbudet i sal, service og reiseliv blir endra slik:

| Sal, service og reiseliv (SR) |  |  |  |  |  |  |
|-------------------------------|--|--|--|--|--|--|
|-------------------------------|--|--|--|--|--|--|

| Inntaksområde | Skule     | Nivå | Utd.program/<br>programområde | Klassetal<br>2020/21 | Framlegg<br>til endring | Avdelingsdirektøren si<br>tilråding 2022/23 |
|---------------|-----------|------|-------------------------------|----------------------|-------------------------|---|
| 3             | Sotra vgs | 1    | Sal, service og reiseliv      | 2                    | -1                      | 1   |

10.Tilbudet i teknologi og industrifag blir endra slik:

| Teknologi og industrifag (TP) |                |      |                               |                      |                         |   |
|-------------------------------|----------------|------|-------------------------------|----------------------|-------------------------|---|
| Inntaksområde                 | Skule          | Nivå | Utd.program/<br>programområde | Klassetal<br>2020/21 | Framlegg<br>til endring | Avdelingsdirektøren si<br>tilråding 2022/23 |
| 1                             | Kvinnherad vgs | 1    | Teknologi og industrifag      | 3                    | -1                      | 2   |
| 2                             | Kvam vgs       | 2    | Transport og logistikk        | 0                    | 1                       | 1   |

11.Tilbudet i studiespesialisering blir endra slik:

| Studiespesialisering |             |      |                               |                      |                         |   |
|----------------------|-------------|------|-------------------------------|----------------------|-------------------------|---|
| Inntaksområde        | Skule       | Nivå | Utd.program/<br>programområde | Klassetal<br>2020/21 | Framlegg<br>til endring | Avdelingsdirektøren si<br>tilråding 2022/23 |
| 2                    | Kvam vgs    | 1    | Studiespesialisering          | 2                    | -1                      | 1   |
| 5                    | Sogndal vgs | 1    | Studiespesialisering          | 3                    | -1                      | 2   |
| 7                    | Hafstad vgs | 1    | Studiespesialisering          | 5                    | -1                      | 4   |

12.Tilbudet i påbygging til generell studiekompetanse blir endra slik:

| Påbygging til generell studiekompetanse (PB) |              |      |                               |                                    |                         |   |
|--|--------------|------|-------------------------------|------------------------------------|-------------------------|---|
| Inntaksområde                                | Skule        | Nivå | Utd.program/<br>programområde | Klassetal<br>2020/21               | Framlegg<br>til endring | Avdelingsdirektøren si<br>tilråding 2022/23 |
| 3  | Os vgs       | 3    | Påbygg til gen.<br>stud.komp  | 2                                  | -1                      | 1   |
| 3  | Åsane vgs    | 3    | Påbygg til gen.<br>stud.komp  | 2                                  | -1                      | 1   |
| 7  | Høyanger vgs | 4    | Påbygg til gen.<br>stud.komp  | utlyst utan klasse- og<br>plasztal |                         |   |
| 8  | Eid vgs      | 3    | Påbygg til gen.<br>stud.komp  | 2                                  | -1                      | 1   |

13.Investeringskostnadane ved oppretting av nye opplæringstilbod vert finansierte innanfor ramma av opplæringstilbodet. Det gjeld:

- Vg1 naturbruk ved Austrheim vgs, kr. 400 000
- Vg2 transport og logistikk ved Kvam vgs, kr. 300 000
- Vg2 vg2 kulde-, varmepumpe og ventilasjonsteknikk ved Slåtthaug vgs, kr. 300 000

14.Endring av inntaksmatrisa

Søkarar frå Tysnes kommune, inntaksområde Sunnhordland, får nærsकुलेpoeng også til dei vidaregåande skulane i Bergen kommune.

15. Eit av Yrkesopplæringsnemnda viktigaste føremål er å bidra til at flest mogleg ungdomar får ei utdanning som fører til læreplass og fagbrev, og at verksemdene vert sikra faglært arbeidskraft. Difor meiner nemnda at dersom det er dokumentert tilstrekkeleg tilgang på læreplassar, må det opprettast tilbod slik at ungdom kan søke. Motsett meiner nemnda at det ikkje skal opprettast tilbod i skulen som vi veit det ikkje er læreplassar til.

På overordna nivå er Yrkesopplæringsnemnda nøgd med årets klassesak. Det er eit krevjande arbeid å dimensjonere skulen slik at tilgang på læreplass og arbeidslivet behov for faglært arbeidskraft er det avgjerande. Nemnda meiner det er gjort eit godt arbeid som langt på veg er i tråd med nemndas tidlegare tilrådingar og arbeidslivet behov for kompetanse og arbeidskraft

Nemnda viser til at det i dei seinare åra har vore gjort mykje godt utviklingsarbeid mange stadar for å styrke samarbeid mellom skule og arbeidsliv. Dette har både betra kvaliteten, gitt eit betre tilbod nærare lærebedriftene, som igjen har gitt arbeidslivet fleire lærlingar som dei etterspør. Det er framleis viktig at vurderingar av kva skular dei einskilde faga skal plasserast ved, tek omsyn til kva slags lærebedrifter som finns nær den einskilde skule.

Yrkesopplæringsnemnda viser til at fleire kunne vore sikra både læreplass og faglært arbeidskraft om fleire viste mobilitet og reiser dit læreplassen finns, samstundes som lærebedrifta må akseptera ein tilreisande ungdom. Nemnda meiner difor det må vurderast om det kan etablerast incentivordningar for å auke mobiliteten og for å motivere lærebedriftene til å utdanne fagarbeidarar til og slik sikre seg framtidig arbeidskraft.

Nemnda registrerer at nokre stadar kan lågt tal på ungdomskulla svekke moglegheit for å etablere tilbod som er etterspurt frå arbeidslivet, tilbod som har føreseieleg tilgang til læreplass. Nemnda meiner det må brukast skjønn ved vurdering av klassestorleik, og at det er positivt å tilretteleggje for kombinerte klassar, nytte kombinasjonar av undervising og andre ordningar som t.d Stryn modellen der det er mogleg, slik at arbeidslivets behov for lærlingar og faglært arbeidskraft blir ivareteke.

Nemnda er nøgd med at tal påbyggklassar frå VG2 yrkesfag til VG3 studieførebuande vert redusert. Dette er ei utfordring på fleire fagområde, men særleg Helse og oppvekst skil seg negativt ut. Alle som tek eit fagbrev har tilbod om å byggje på med VG4 studiekompetanse, og nemnda meiner difor det ytterlegare bør reduserast i talet på påbyggsklassane.

Vestland har eit godt tilbod i YSK i samarbeid med arbeidslivet. Det er nemnda godt nøgd med, og er positiv til nye etableringar, men med den klare føresetnad at det er etablert avtale mellom skule og lærebedrifter på førehand..

**Nærmare om enkelte programfagtilbod og behovet i arbeidslivet som nemnda har fått signal om**

### **Bygg og anlegg**

I bygg og anleggsfaga er det generelt god tilgang til læreplass, i nokre fag meir enn andre. Dette er ei næring som er til stades i alle fylkets kommunar, og det er difor viktig at tilbodet har geografisk spreing. Også i Bergen er det behov for å gjere tilpasningar, og nemnda merker seg at Laksevåg/ Maritime vgs i dialog med bransjen, ønsker å «bytte» ein tømrrar klasse med ein betong og mur klasse. Det meiner nemnda er eit forslag som må lyttast til, og la søkjarrtala vise om det er behov for eventuelle justeringar.

### **TIP**

Verksemdene innan Teknologi og industrifaga, melder i stor grad om aukande behov for lærlingar i tida framover. Det er likevel geografiske forskjellar med ulik tilgang på læreplassar som saka må ta høgde for. I Sunnhordaland er det eit prekært behov for faglærte innanfor ISO faga, og det er stilt garanti for læreplass frå store industriaktører. Då meiner nemnda at det må etablerast eit søkbart tilbod.

### **Elektro og datateknologi**

For tilboda i Elektro og datateknologi er nemnda godt nøgd med at klassetalet for Stor Bergen vert nedskalert, som og er i tråd med bransjepartane si vurdering.

Nemnda registrerer elles at det er eit stort behov for fleire lærlingar verksemdene i Nordfjord, og er uroa for tilbodet ved Eid vgs. Når det finns tilstrekkeleg med læreplassar, slik næringslivet melder

om stort behov for, meiner nemnda at det og må opprettast eit søkbart tilbod, og at det legges til grunn skjønn. Så må klassejusteringsaka vise om det er grunnlag for klasser.

### **Helse og oppvekst**

I oktober var det mange VG2 elevar med ungdomsrett, flest på Helsefagarbeider og færre på Barne og ungdomsarbeidar, som ikkje hadde fått læreplass. Særleg Bergen og omeignskommunane har denne utfordringa. Det må undersøkjast i kva grad dette skuldast dei tidlegare meldte utfordringane med store restansar i fagprøvar grunna problem med prøvenemndene, om det er forsøkt å få læreplassar andre stadar enn i Bergen og omegn, samt om dette kan skuldast nokon form for koronarelaterte utfordringar. Om desse tre faktorane kan avkrefast, vil det vere rett å redusere i tilbodet.

Samstundes er det slik at svært mange gjer eit bevisst val om to år på HO yrkesfag, for deretter velje seg over til VG3 studieforbereidande. Alt for mange sit at utan verken fagbrev eller studiekompetanse, og det er naudsynt å gjere ein særskilt innsats for å motivere fleire til å fullføre med fagbrev, så kan dei eventuelt velje å ta studiekompetanse etter fullført fagbrev.

### **Sal, Service og Reiseliv**

Innan Sal, Service og Reiseliv har ein dei siste åra i varierende grad lukkast med å skaffe læreplassar.

Innan desse faga må bransjen sjølv i atskilleg større grad vise til antall læreplassar som er tilgjengeleg før nye klassar kan opprettast. Nemnda registrerer at desse fagområda har hatt prosentvis størst nedgang i formidling frå 2019 - 2020.

Tilbodet her må difor vurderast grundig opp i mot tilgjengelege læreplassar og kva tryggleiken er å kunne behalde dei.

### **Restaurant og matfag**

Sjølv om det manglar god oversikt på tilgjengelege læreplassar, er det truleg stort behov for lærlingar. Søknad til desse linene er låg, og har vore fallande over tid. Det er behov for betre oversikt på tilgjengelege læreplassar, og det er sannsynleg eit behov for at fleire ungdomar søkjer seg til dette programområdet. Baker og konditorbransjens landsforeining viser i sitt innspel at dei ønsker eit samarbeid om eit regionalt kompetansesenter for baker og konditorfag. Nemnda ønsker at eit slikt initiativ må vurderast, men det bør omfatte heile programområdet. Fleire må difor inviterast inn til eit slikt samarbeid.

## **PS 26/21 Utdanningsprogrammet Restaurant- og matfag**

Forslag til innstilling

1. Avdelingsdirektøren følger opp resultatene i utdanningsprogrammet restaurant- og matfag med mål om at fleire fullfører med fag-/sveinebrev.
2. Bransjen har eit overordna ansvar for eiga rekruttering.
3. Fylkeskommunen skal legge til rette for at tilboda i vidaregåande opplæring i så stor grad som mogeleg møter arbeidslivet sitt behov for kompetanse.
4. Fylkeskommunen skal delta i samarbeid med grunnskular og arbeidslivet slik at kvalitet i rekrutteringsarbeidet kan gi fleire søkarar til restaurant- og matfag.

### **Saksprotokoll i yrkesopplæringsnemnda - 16.11.2021**

#### **Avrøysting**

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

#### **Tilråding frå yrkesopplæringsnemnda**

1. Avdelingsdirektøren følger opp resultatene i utdanningsprogrammet restaurant- og matfag med mål om at flere fullfører med fag-/sveinebrev.
2. Bransjen har et overordnet ansvar for egen rekruttering.
3. Fylkeskommunen skal legge til rette for at tilboda i vidaregåande opplæring i så stor grad som mogeleg møter arbeidslivet sitt behov for kompetanse.
4. Fylkeskommunen skal delta i samarbeid med grunnskular og arbeidslivet slik at kvalitet i rekrutteringsarbeidet kan gi fleire søkarar til restaurant- og matfag.

## **PS 27/21 Kvalitetsmelding for vidaregåande opplæring i Vestland fylkeskommune - Del 1 og 2**

Forslag til innstilling

Fylkestinget tek til vitande Kvalitetsmelding for vidaregåande opplæring for Vestland fylkeskommune, del 1 og 2.

### **Saksprotokoll i yrkesopplæringsnemnda - 16.11.2021**

#### **Avrøysting**

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

#### **Tilråding frå yrkesopplæringsnemnda**

Fylkestinget tek til vitande Kvalitetsmelding for vidaregåande opplæring for Vestland fylkeskommune, del 1 og 2.

### **PS 28/21 Tilpassa opplæring**

Framlegg til innstilling

1. Tilpassa opplæring - i Vestland fylkeskommune bygger på desse prinsippa

- alle elevar, lærlingar og lærekandidatar møter eit inkluderande læringsmiljø
- godt tilpassa opplæringsløp for elevar, lærlingar og lærekandidatar kvalifiserer til etterspurt kompetanse
- auka læringsutbytte ved bruk av fleire fleksible og ulike relevante opplæringsarenaer
- vurderingspraksis som fremjar læring og utvikling
- byggje ein sterk kultur for kompetansedeling om tilpassa opplæring gjennom utvikling i profesjonsfellesskapet og samhandling mellom rettleiingsteneste, skule og bedrift

2. Fylkesdirektøren skal utarbeide rettleiarar til bruk i sektoren for tilpassa opplæring som er i tråd med framlegg til ny opplæringslov. Rettleiarane skal vere relevant og godt verktøy for skular, rettleiingstenestene og bedrifter/opplæringskontor. Rettleiarane skal utarbeidast i samhandling med sektoren.

3. Fylkesdirektøren følgjer opp arbeidet, utvikling og resultat gjennom system for kvalitetsoppfølging

### **Saksprotokoll i yrkesopplæringsnemnda - 16.11.2021**

Sonja Øvre-Flo stilte spørsmål om ho var inhabil då ho er saksordførar i saka. Øvre-Flo gjekk frå under vurderinga av spørsmålet om ho var inhabil. Yrkesopplæringsnemnda vedtok samrøystes at Øvre-Flo var habil etter forvaltningslova § 6.

Øvre-Flo tiltredde møtet.

#### **Avrøysting**

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

## **Tilråding frå yrkesopplæringsnemnda**

1. Tilpassa opplæring - i Vestland fylkeskommune bygger på desse prinsippa

- alle elevar, lærlingar og lærekandidatar møter eit inkluderande læringsmiljø
- godt tilpassa opplæringsløp for elevar, lærlingar og lærekandidatar kvalifiserer til etterspurt kompetanse
- auka læringsutbytte ved bruk av fleire fleksible og ulike relevante opplæringsarenaer
- vurderingspraksis som fremjar læring og utvikling
- byggje ein sterk kultur for kompetansedeling om tilpassa opplæring gjennom utvikling i profesjonsfellesskapet og samhandling mellom rettleiingsteneste, skule og bedrift

2. Fylkesdirektøren skal utarbeide rettleiarar til bruk i sektoren for tilpassa opplæring som er i tråd med framlegg til ny opplæringslov. Rettleiarane skal vere relevant og godt verktøy for skular, rettleiingstenestene og bedrifter/opplæringskontor. Rettleiarane skal utarbeidast i samhandling med sektoren.

3. Fylkesdirektøren følger opp arbeidet, utvikling og resultat gjennom system for kvalitetsoppfølging

## **PS 29/21 Handlingsprogram til temaplan Fornye og Forbetre - Auka gjennomføring**

Forslag til innstilling

Hovudutval for opplæring og kompetanse vedtek temaplan fornye og forbetre sitt tilhøyrande handlingsprogram

## **Saksprotokoll i yrkesopplæringsnemnda - 16.11.2021**

### **Avrøysting**

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

### **Tilråding frå yrkesopplæringsnemnda**

Hovudutval for opplæring og kompetanse vedtek temaplan fornye og forbetre sitt tilhøyrande handlingsprogram.

## **PS 30/21 Høyring - ny opplæringslov**

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet for Vestland fylkeskommune vedtek høyringssvaret på NOU 2019:23 «Ny opplæringslov», slik det kjem fram av saksutgreiinga
2. Fylkesdirektøren tilrår at departementet i lag med fylkeskommunane arbeider vidare med kriteria for fylkeskommunale rammetilskot, slik at tilskota er i tråd med målsetjingane i fullføringsreforma.

## **Saksprotokoll i yrkesopplæringsnemnda - 16.11.2021**

**Roger Pilskog, LO**, sette fram slikt tilleggsforslag:

«Yrkesopplæringsnemnda meiner eit grunnleggjande prinsipp i fagopplæringa er at lærebedrifta skal ha eigen kompetanse og produksjon i lærefaget. Opplæringsansvaret må ligge i lærebedrifta fordi det er der produksjon og opplæring skjer.

Nemnda kan difor ikkje støtta fylkesdirektørens tilråding om å kunne godkjenne opplæringskontor som lærebedrifter.

Yrkesopplæringsnemnda meiner likevel at lærebedriftene har nytteverdi av å vere med i eit opplæringskontor, og at det er ei stor føremon for lærebedriftene å vere medlem i eit opplæringskontor. Sjølv om mykje godt arbeid vert gjort frå opplæringskontora, er det slik at medlemskap ikkje er eit lovkrav, og elles er det heller ikkje på nokon måte regulert korleis ansvar for lærlingen si opplæring skal vere avtalt mellom lærebedrift og opplæringskontor. Eit tydeligere skille og avklaring av roller og ansvar mellom lærebedrift, opplæringskontor og fylkeskommunen vil vera ei føremon.

Nemnda ser difor behov for betre harmonisering av regelverket, og meiner at det vil vere positivt å regulere forhold mellom lærebedrift, opplæringskontor og fylkeskommuna i ei forskrift.

Nemnda meiner og at i ei slik forskrift må det leggjast inn at styret i eit opplæringskontor skal ha representasjon frå arbeidstakersida, når deira organisasjonar ber om det, som uttalt i vedtak i Yrkesopplæringsnemndas møte 26.mai 2020.»

### **Avrøysting**

Pilskog sitt tilleggsforslag vart samrøystes vedteke.

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

### **Tilråding frå yrkesopplæringsnemnda**

1. Fylkesutvalet for Vestland fylkeskommune vedtek høyringssvaret på NOU 2019:23 «Ny opplæringslov», slik det kjem fram av saksutgreiinga
2. Fylkesdirektøren tilrår at departementet i lag med fylkeskommunane arbeider vidare med kriteria for fylkeskommunale rammetilskot, slik at tilskota er i tråd med målsetjingane i fullføringsreforma.
3. Yrkesopplæringsnemnda meiner eit grunnleggjande prinsipp i fagopplæringa er at lærebedrifta skal ha eigen kompetanse og produksjon i lærefaget. Opplæringsansvaret må ligge i lærebedrifta fordi det er der produksjon og opplæring skjer.

Nemnda kan difor ikkje støtta fylkesdirektørens tilråding om å kunne godkjenne opplæringskontor som lærebedrifter.

Yrkesopplæringsnemnda meiner likevel at lærebedriftene har nytteverdi av å vere med i eit opplæringskontor, og at det er ei stor føremon for lærebedriftene å vere medlem i eit opplæringskontor. Sjølv om mykje godt arbeid vert gjort frå opplæringskontora, er det slik at medlemskap ikkje er eit lovkrav, og elles er det heller ikkje på nokon måte regulert korleis ansvar for lærlingen si opplæring skal vere avtalt mellom lærebedrift og opplæringskontor. Eit tydeligere skille og avklaring av roller og ansvar mellom lærebedrift, opplæringskontor og fylkeskommunen vil vera ei føremon.

Nemnda ser difor behov for betre harmonisering av regelverket, og meiner at det vil vere positivt å regulere forhold mellom lærebedrift, opplæringskontor og fylkeskommuna i ei forskrift.

Nemnda meiner og at i ei slik forskrift må det leggjast inn at styret i eit opplæringskontor skal ha representasjon frå arbeidstakersida, når deira organisasjonar ber om det, som uttalt i vedtak i Yrkesopplæringsnemndas møte 26.mai 2020.